



Riksantikvaren

Dato: 13.01.2015
Vår ref.: 2014/11630-6
Saksbehandlar: josaksd
Dykkar ref.:

Rapportering på prøveprosjektet for delegert kulturminemynde 2014 Hordaland

Hordaland fylkeskommune viser til Dykkar brev av 29.12.2014 i samband med rapportering/tilbakemelding om prøveordning for delegering av mynde i visse saker etter kulturminnelova § 8 første, andre og fjerde ledd.

Hordaland fylkeskommune har delteke sidan prøveordninga starta opp. Utgangspunktet var å gjera kulturminnevernet meir førseieleg og effektivt ved å forenkla kulturminnevernet sin praksis i høve kommunar og tiltakshavarar. Når fylkeskommunen gjekk inn i ordninga vart det halde drøftingar med Universitetsmuseet i Bergen for å etablere ei felles forståing av kva som låg innanfor automatisk freda kulturminne av vanleg førekommende type, som då vert definert som einskilde kulturminner/strukturer, her mellom anna; eldstader, kokegropar, fyllskifte, trekolgropar og dyrkingsspor. Det er på bakgrunn av desse at sakene vert vurdert opp i mot prøveordninga sitt innhald.

I 2014 har Hordaland fylkeskommune varsle registrering jf. § 9 i kulturminnelova for omlag 110 saker, der 45 saker hadde godkjent kostnadsoverslag. Sakene gjeld slik for tiltak som skal vurderast etter § 8 – 1 og 4 ledd i kulturminnelova. I fjar delte sakene seg slik at det var ni registreringar knytt kraftline og søknad om konsesjon, to registreringar var knytt til gitt dispensasjon for bustad / driftsbygning. I samband med reguleringsplanar og kommunedelplanar var talet vel 34 registreringar. I samband med registreringane som er gjort har vel halvparten vore utan funn av automatisk freda kulturminne. I dei sakene me har gjort funn, har desse i dei fleste høva vore av ein slik karakter, at dei ikkje har kome inn under vilkåra gitt i prøveordninga. Me vil og legge til at Hordaland fylkeskommune legg vekt på å få registrert så tidleg som råd i planprosessen. Dette fører til at kulturminneverdiene vert ein del av planproduktet og at eventuell dispensasjon vert gjort gjennom planprosessen.

I 2014 vart det gjort to registreringar i samband med tiltak som skulle handsamast gjennom § 8 1. ledd. I ei sak Bø 28/2 Voss kommune - om ny driftsbygning, vart omfanget av registrerte automatisk freda kulturminne større enn prøveordninga heimlar for. Hordaland fylkeskommune har difor i 2014 ei sak som det har blitt gjeve dispensasjon for jf. § 8 1. ledd. Dette er ei bustadtomt på gnr. 35/109 Børveneset i Kvam herad. Vedtak om frigjeving av kulturminneobjekt Id 178386 – kokegrop vart gjort september 2014 og er sendt til Riksantikvaren og universitetsmuseet i Bergen jf. praksis i slike saker.

I 2014 har Hordaland fylkeskommune hatt relativt få saker som har vore løyste gjennom ordninga med delegasjon av kulturminnemynde. Dette har slik me kan sjå fleire samanhengar.

- Først er omfanget og typene fornminne avgrensa i høve til ordninga og fagleg vurdering.
- Kvalitetane på funna i 2014 har då vore av ein slik art og omfang at ordninga ikkje har vore relevant.

- Kommunale byggesaker i Hordaland har heller ikkje vore lagt i område med stort potensiale for funn.

Hordaland fylkeskommune si samla erfaring med forsøksordninga med delegert kulturminemynde har likevel vore svært god. Etter vårt syn har det ført til forenkla og raskare saksgang i enkle saker og forvaltinga har dermed vorte meir føreseieleg for tiltakshavar og kommune. På grunn av feltsituasjonen i haust er endeleg rapport framleis ikkje ferdigstilt, men vil verta ettersendt.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Jostein Aksdal
Seniorrådgjever

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.